

Vedtekter for styret ved Fagskolane i Hordaland

1. Styret har overordna ansvar for den daglege drifta av fagskolane i fylket og fører tilsyn med den daglege leiinga. Det har ansvar for at verksemda held høg kvalitet og for at fagskolane blir drivne effektivt og i samsvar med dei lover, forskrifter og reglar som gjeld og dei rammer og mål som blir gjevne av overordna mynde.
2. Styret for Fagskolane i Hordaland har sju medlemmer. Fem medlemmer, med to varamedlemmer, blir valde av fylkestinget. Tilsette og studentar har éin representant kvar med personleg vara. Tilsett- og studentrepresentant har møte-, tale-, forslags- og stemmerett, og er fullverdige medlemmer av styret.
3. Fylkestinget nemner opp eigarrepresentantane i styret og mellom dei leiar og nestleiar. Tilsette og studentrepresentant med personleg varamedlem blir vald av og mellom dei tilsette og studentane. Eigarrepresentantane blir valde for fire år, tilsettere representantane blir valde for to år og studentrepresentantane for eitt år om gongen.
4. Styret skal tilsetje administrativ og fagleg leiing i samråd med skuleeigar. Hordaland fylkeskommune er arbeidsgjevar, og personalforvaltning skal skje i samsvar med fylkeskommunen sine reglar.
5. Fylkesdirektør opplæring er ansvarleg for saksførebuing til styret.
6. Styret skal opprette ei lokal klagenemnd som skal handsama klager på enkeltvedtak (jf. fagskulelova § 13). Styret kan bestemme at klagenemnda også skal handsame andre klagesaker for studentane og saker etter §§ 7, 9, 10, 11 og 12 i fagskulelova. Avgjerd om habilitet etter §§ 6-10 og om teieplikt etter §§ 13-13 e i forvaltningslova gjeld for handsaming av saker, jf. fagskulelova. Avgjerd om opptak, fritak og innpassing, avsluttande vurdering, bortvisning, utestenging og andre disiplinære sanksjonar skal handsamast etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova.
7. Styret er ansvarleg for at dei opplysningar som blir gjevne til NOKUT og søkjarar til utdanningstilboda, er korrekte og fullstendige.
8. Styret er ansvarleg for at det finst ein plan for innhaldet i utdanninga og for korleis den vert gjennomført. Styret er også ansvarleg for kvalitetssikring av utdanningane og skal ha eit etablert kvalitetssikringssystem som sikrar kontinuerlege forbetringar og yrkesrelevans i utdanningane, og som gjev tilfredsstillande dokumentasjon av kvalitetssikringsarbeidet ved institusjonen og avdekker sviktande kvalitet.
9. Styret er ansvarleg for det overordna læringsmiljøet og for samarbeidet om det med studentane. Dette ansvaret gjeld det fysiske og psykiske arbeidsmiljøet som Arbeidstilsynet fører tilsyn med. Styret kan oppnemne utval etter behov.
10. Styret er ansvarleg for at det sams reglementet eller forskrift for Fagskolane i Hordaland vert følgd.